

Hurtigtest

Slik brukar du testen

1 Aller først


- Vask hendene eller nytt handdesinfeksjonsmiddel.
- Ha klar klokke/stoppeklokke.
- Sjekk utløpsdatoen på baksida av folieposane. Ikkje bruk testen dersom utløpsdatoen er passert.
- Opna posen markert med eit 1-tal langs perforeininga og ta ut teststrimmelen og tørkemiddelpakninga.
- Sjå etter om testutstyret er intakt og at det ikkje er nokre grønne kuler i tørkemiddelpakninga.
- Bruk testen straks etter at posen er opna.

2 Førebu testen

- Opna posen markert med eit 2-tal.
- Ta ut eitt av røyra med væske og ein kork med pipetteringsfunksjon.
- Opna forseglinga på røyret varsamt utan å søla ut veska.
- Plasser røyret i røyrhaldaren.
- Blås ut av nasa di ein gong med eit lommetørkle.
- Ta vattpinnen ut av pakninga. Pass på å berre berøra handtaket på vattpinnen og ikkje den mjuke vatten på toppen.

3 Ta testen

- Når du tek testen; lén hovudet litt bakover.
- Før vattpinnen med den mjuke vatten først inn i venstre nasebor.
- La vattpinnen gli sakte to centimeter innover parallelt med ganen, ikkje oppover, til du kjenner motstand. Ikkje bruk makt.
- Roter vattpinnen fire gonger, totalt i 15 sekund, mot naseveggen før du tek han ut av naseboret.
- Gjenta prosessen i det andre naseboret med same vattpinne. Prøven må takast frå begge nasebora med same vattpinne.
- Sett vattpinnen i røyret slik at den mjuke vatten kjem ned i væska.
- Klem på botnen av røyret der enden på vattpinnen er plassert og hald godt.
- Roter med vattpinnen minst ti gonger for å overføra det biologiske materialet frå vattpinnen til væska.
- Trekk ut vattpinnen medan du klemmer på sidene av røyret for å trekkja ut væska frå vattpinnen.



- Kast vattpinnen. Du kan leggja han tilbake i pakken i mellomtida.
- Forsegl røyret godt med korken.

4 Utfør målinga

- Legg teststimmelen på eit flatt underlag, hald røyret vertikal over den runde fordjupinga.
- Drypp fire dråpar med væske og klem sidene på røyret varsamt saman ved behov.
- Du kan halda fram med testen sjølv om det vart drypt fem dråpar i fordjupinga.
- Still klokka og les av testresultata etter 15 minutt og seinast innan 30 minutt etter utført test.
- Vask hendene dine med såpe og vatn eller bruk handdesinfeksjon etter at du har utført testen.

5 Tolk resultatata

- Det er to bokstavar ved sida av testresultatvindauga. C er kontrollinje som viser om testen virkar som han skal. T er testlinja som indikerer infeksjonsstatus.
- Dersom ei kontrollinje © er synleg, er resultatet gyldig.
- Dersom ei testlinje (T) er synleg saman med ei kontrollinje (C), betyr det at testen fungerer og resultatet er positivt.
- Sjå nøye på resultatet: Testen skal reknast som positiv dersom to linjer er synlege, sjølv om linjene er svake.
- **Eit positivt testresultat betyr at du truleg er smitta av koronasjukdom.**
- Kontakt din lokale teststasjon eller fastlege og følg reglar for karantene og isolasjon. Du kan bli bedt om å få resultatet stadfesta med ein PCR-test.
- Dersom ei kontrollinje (C) er synleg (uansett kor svak) og ei testlinje (T) ikkje er synleg, betyr det at resultatet er negativt. Då er du truleg ikkje koronasjuk.
- Sjølv om testen er negativ, bør du halda fram med å følgja alle smitteverntiltaka.
- Dersom du har mistanke om at du er smitta, kontakt fastlege eller ring koronatelefonen 56 16 0010.
- Du kan gjenta testen etter ein til to dagar sidan koronasjukdom ikkje alltid kan påvisast fullt ut nøyaktig under alle infeksjonsstadium.



På nettsida til kommunen under Hurtigtest finn du video om korleis du brukar testen.